



STATENS UTDANNINGSKONTOR I ROGALAND

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNEBESØK I HJELMELAND KOMMUNE 28. MARS 2000

INNLEIING

Statens utdanningskontor var på kommunebesøk i Hjelmeland kommune 28.03.00. Utdanningskontoret sitt føremål med slike besøk er å fremje dialog og kontakt og å få konkret kunnskap om skolesituasjonen i kommunen. Med utgangspunkt i ny opplæringslov og arbeidet med innføringa av L97, vart det fokusert på utviklingsarbeid og praksisendringar i klasserommet, særleg på ungdomssteget. Hjelmeland kommune planla programmet saman med utdanningsdirektøren, og kommunen sende inn relevante dokument før besøket. Utdanningskontoret er godt nøgd med førearbeidet.

Ved kommunebesøket i Hjelmeland deltok følgjande frå kommunen: ordførar Terje Tornquist; assisterande rådmann Jon Oppedal; hovudtillitsvald for Norsk lærarlag i Hjelmeland og hovudverneombod Olav Frantzen; hovudtillitsvald for Lærarforbundet i Hjelmeland Isolde Børve; elevrådsleiar ved Årdal skule og barnehage Maren Apeland; elevrådsrepresentant ved Årdal skule og barnehage Sindre Nessa; leiar for FAU og samarbeidsutvalet ved Årdal skule og barnehage Kjell Apeland; klassestyrar for 9. klasse Anders Dalane; klassestyrar for 10. klasse Kjell Gunnar Valheim; formingslærer og rådgjevar Kirsten Gundersen; rektor ved Årdal skule og barnehage Arild Boganen.

Frå utdanningskontoret deltok utdanningsdirektør Sigmund Sunnanå, rådgjevar Audun Gjerde og førstekonsulent Gerd Kj Mortensen.

Rapporten er skriven med utgangspunkt i kommunebesøket, innsende dokument og annan kontakt mellom utdanningskontoret og Hjelmeland kommune. Pedagogisk konsulent Jarle Sylta hadde ikkje høve til å vere med under besøket. Dette er ei av årsakene til at besøket vart meir konsentrert om ein skole enn det som er vanleg ved slike besøk.

KVALITETSUTVIKLING OG KVALITETSVURDERING

Utviklingsarbeid

Besøket i Hjelmeland var lagt til Årdal skule og barnehage. Her vart det mellom anna orientert om entreprenørskap som utviklingsområde. Skolen er med i eit nordisk prosjekt: ”Entreprenørskap som utdanningsmål”. Elevbedrift er ein del av prosjektet. For tida arbeider 9. klasse med å lage ei kokebok med gamle matoppskrifter frå områda rundt Årdal. Klassen er i år ansvarleg for kafédrifta ved skolen. Elevane bakar ulike sortar kaker som dei sel. I fjor var elevbedrifta ansvarleg for å leggje til rette for ein leirskole for danske elevar.

Det er lagt vekt på tiltak for å styrkje tilpassa opplæring både når det gjeld ordinær opplæring og spesialundervisning ved Årdal skule og barnehage. Skolen prøver å leggje til rette for mest mogeleg elevmedverknad, jf. ulike aktivitetar innanfor entreprenørskap. Difor satsar skolen på mykje eigenaktivitet for elevane og med tilsvarende reduksjon av tradisjonell lærarundervisning. Biblioteket er bemanna med bibliotekar nokre timar per veke. Førre skoleår bygde elevane i 8. klasse ein lavvo med sjølvhogd tømmer av lind som ein del av eit prosjekt om samane. Nokre av elevane i 9. klasse viste oss ein videofilm frå dette prosjektet.

Det er elles varierende aktivitet i utviklingsarbeidet på skolane. Dei har i stor grad vore overletne til seg sjølve på dette området, og uklare ansvarsforhold har prega arbeidet. Ein av skolane i kommunen har vore med i læringsstrategiprojektet sidan hausten 1999. Dette prosjektet skal vidareførast og spreiaast til alle skolane. Plan for kvalitetsutvikling er under utarbeiding og vil bli ferdig i løpet av juli. Her vil det bli fokusert på å setje ein felles norm for utviklingsarbeid. Planen blir elles laga med utgangspunkt i sentrale føringar.

Utdanningsdirektøren registrerte elles at kommunen har lukkast med å få lærarar med godkjent utdanning til dei fleste stillingane. Kommunen har også gitt gode vilkår for lærarar som vil ta vidareutdanning.

Informasjons- og kommunikasjonsteknologi

Skolen er godt utstyrt med datamaskinar. Det er sju maskinar på eit eige datarom, og ein maskin på kvart klasserom. Men det er sett av for få ressursar til å utvikle strukturar i samband med bruk av maskinane. Elevane har sine egne mapper på maskinane og egne heimesider på internett. Elles blir maskinane mest brukte som skrivemaskinar. Skolen har ein dyktig datakyndig lærar. Men på grunn av lite ressursar for inneverande skoleår, må læraren gjere mykje av dette arbeidet på fritida si.

Kommunen har i lag med seks andre kommunar søkt utdanningskontoret om midlar til bruk av IKT i opplæringa gjennom PEDIT-prosjektet, og det er tildelt midlar til dette. Prosjektet skal gå over tre år, og inneber m.a. at det skal utarbeidast ein generell IKT-plan for alle trinna i grunnskolen.

Skolevurdering

Årdal skule og barnehage arbeider kontinuerleg med klassemiljøet for mellom anna å redusere mobbing. Skolen har godt samarbeid med både føresette og elevar for å få til eit best mogeleg klassemiljø.

Det er etter det utdanningsdirektøren kjenner til, ikkje utarbeidd systematiske rutinar for skolevurdering, verken på kommunenivå eller på den einskilde skolen. Etter utdanningsdirektøren si vurdering bør Hjelmeland kommune prioritere arbeidet med å få på plass slike rutinar, jf. § 2-1 i forskrift til opplæringslova.

Pedagogisk psykologisk teneste/spesialundervisning

Kommunen samarbeider med Finnøy, Forsand og Strand om PP-tenester frå Midt-Ryfylke PPT. Kontoret slit med for låg bemanning og med mykje skifte av tilsette. For tida er leiaren av kontoret sjukemeldt. Men Årdal skule og barnehage har sjølv god spesialpedagogisk kompetanse. Skolen har mellom anna både logoped og leksolog. Elles har skolen god kontakt med Eikelund kompetansesenter, Østerlide og Rogaland psykiatriske sjukehus sine barne- og ungdomspsykiatriske avdelingar. I følgje GSI får vel 10 % av elevane spesialundervisning

etter enkeltvedtak i Hjelmeland kommune. Gjennomsnittleg prosenttal for Rogaland og heile landet når det gjeld elevar som får spesialundervisning, ligg på om lag 6 %. Rektor ved skolen meinte at det var spesielt mange elevar med særskilde behov ved skolen inneverande skoleår, mellom anna autistar, dyslektikarar og MBD-elevar.

Rektor har delegert avgjerdsrett til å gjere enkeltvedtak om spesialundervisning. Kommunen bruker fleire ressursar til spesialundervisning og delingstimar utanom valfag enn gjennomsnittet for Rogaland. Hjelmeland kommune er også av dei som ligg høgast i Rogaland når det gjeld samla timeressurs. Dette kan vere ei årsak til at det kjem svært få klagesaker om spesialundervisning frå Hjelmeland.

Skolefritidsordning

Det er etablert SFO ved skolane i Hjelmeland, Årdal og Fister. Det er utarbeidd nye vedtekter for verksemda som no er endeleg godkjente. Hjelmeland kommune eig og driv SFO, og det er samarbeidsutvalet som fungerer som styre for SFO på den einskilde skolen. Foreldrebetalinga er noko høgare enn gjennomsnittet for Rogaland.

Musikk- og kulturskole

Den tidlegare kommunale musikk- og kulturskolen heiter nå berre Hjelmeland kulturskole. Elevane får musikktilbod i kulturskolen. Kulturskolen har eit godt samarbeid med Årdal skule og barnehage og andre lokale aktørar som til dømes Hjelmeland kunstlag.

Skolebesøk

Besøket i Hjelmeland kommune vart gjennomført på Årdal skule og barnehage. Vi fekk orientering om skolen og høve til å møte både elevar og lærarar. Vi møtte elevar på ungdomssteget, og dei stadfesta godt miljø i klassane og stor grad av både elevaktivitet og tilpassa opplæring, jf. avsnittet om utviklingsarbeid. Utdanningsdirektøren merka seg at representantane frå elevrådet ved skolen var særskild aktive og konstruktive i drøftingane vi hadde, jf. det som er sagt ovanfor om elevmedverknad.

Foreldrerepresentanten for skolen gav uttrykk for at foreldra er nøgde med skolen og med leiinga ved Årdal skule. Foreldra er glade for at skolestruktursaka er i hamn. Med ansvar for eigen skole er det mellom anna enklare både å samarbeide og planleggje. Foreldra til elevane ved Årdal skule og barnehage er særleg opptekne av HMS-saker, økonomi, nye arbeidsformer ved skolen og skoleruta. Både representantane for elevane og representanten for foreldra ønskte seg tidlegare skoleavslutning og sløyfing av haustferien.

Leiarutvikling

Hjelmeland kommune samarbeider med sitt nettverk (Midt 2) om kompetanseutvikling for skoleleiarar og PP-tenesta i samband med Samtak. Kommunen vil vere med i LUIS-programmet slik dei andre kommunane i nettverket er. Nettverket vil prøve å sjå både Samtak- og LUIS-programmet i samanheng.

ØKONOMI OG FORVALTNING

Skoleanlegg

Kommunen har gode skole- og uteanlegg, og skolane har godt med utstyr og læremiddel. Kommunen byggjer dessutan ny skole på Ombo i samarbeid med Finnøy kommune. Det er brukt store ressursar til om- og utbygging av skolar i samband med R97.

Hovudstillitsvald for Norsk lærarlag i Hjelmeland peika på at arbeidet med miljøretta helsevern i kommunen fungerte godt, men at dette arbeidet kunne gjerast betre. Rektor ved Årdal skule og barnehage orienterte om at Hjelmeland kommune mellom anna hadde brukt mange ressursar på å betre ventilasjonstilhøva ved skolane og barnehagane i kommunen.

Ordføraren orienterte om økonomien i kommunen. Han nemnde mellom anna at krav om utbygging av eldreomsorga krev store ressursar.

Driftsrammer

I følge kommunen sitt handlingsprogram med økonomiplan for 2000-2003 vil det bli ein generell reduksjon i driftsnivået. For tida er inntektene mindre enn utgiftene for kommunen, og driftsutgiftene vil auke fram mot 2003 i høve til inntektene. I denne samanhengen kan det bli aktuelt å redusere ressursar til spesialundervisning, jf. avsnittet om den pedagogisk psykologisk tenesta. Konsekvensar av kommunen sin økonomisituasjon i perioden blir ein generell driftsreduksjon for alle driftseiningane i kommunen, inkludert heile skolesektoren.

Skolestrukturen

Hjelmeland kommune har mange små grendeskolar. Spørsmålet om nedlegging og sentralisering av skolar har i fleire år vore eit viktig diskusjonstema. Kommunestyret har i vår vedteke å halde oppe gjeldane skolestruktur. Debattar er engasjerande for lokalmiljøet, men skaper utryggleik for personalet ved involverte skolar. Dette er uheldig for den faglege og pedagogiske utviklinga ved skolane. At ein får slike debattar årvisst i samband med budsjettbehandlinga, kan også vere slitsamt og opprivande for lokalmiljøet. Utdanningsdirektøren har derfor rådd til at kommunane eventuelt berre drøftar og tek standpunkt til skolenedlegging ein gong i langtidsbudsjettperioden. Dette vil gi skolane ro til å konsentrere seg om fagleg og pedagogisk utvikling.

Andre kommunar med ein desentralisert skolestruktur, t.d. Suldal, har gjort erfaringar med å knyte skolane saman i nettverk. Slike vurderingar kan gjere små skolar fagleg og pedagogisk sterkare. Utdanningsdirektøren rår til at Hjelmeland også prøver å utvikle slike ordningar.

Skolestrukturen og leing av skoleverksemda på kommunenivå

Etter omlegginga av leiings- og organisasjonsstrukturen har kommunen ikkje lenger nokon skolesjef. Det er rådmannen som har denne funksjonen. Ein del av det skolefaglege ansvaret er delegert til rektorane. Rektor på Årdal skule og barnehage meinte at denne organiseringa gav større handlefridom for skolane. Ordføraren hevda at både skole- og kompetanseutvikling kunne kome til å lide med ein struktur der kommunen ikkje har ein pedagogisk leiar for skolesektoren. Assisterande rådmann hevda på si side at det er skolefagleg kompetanse i rådmannen sin stab, og at kommunen på den måten fyller krava i opplæringslova § 13-1 siste ledd.

Fagorganisasjonane nemnde at det var positivt med stor grad av sjølvstyre på dei einskilde skolane, men dei hevda at skolen generelt sett var svekka med den nye strukturen.

Utdanningsdirektøren deler ordføraren sitt syn på at skolesektoren i Hjelmeland vil kunne tape på ein struktur der ein ikkje har den skolefaglege kompetansen på nivået over skolenivået. Slik strukturen er nå, kan den skolefagleg ansvarlege vere ein konsulent i rådmannen sin stab som attpåtil, etter det vi fekk inntrykk av, ikkje er med i leiarmøta som rådmannen har med rektorane.

Kommunestyret har gjort vedtak om at kommunen inntil vidare skal ha gjeldande struktur. Utdanningsdirektøren meiner at det er viktig at dei mange relativt små skolane i kommunen får fagleg og pedagogisk stimulans, hjelp og støtte til utvikling. Utdanningsdirektøren rår til at kommunen arbeider vidare med tiltak som gjeld utvikling av skolane, t.d. ved å knyte dei saman i nettverk.

Det er etter utdanningsdirektøren si vurdering dessutan viktig at kommunen har ein organisasjonsstruktur som gjer det mogeleg å samordne verksemda ved skolane og vere pådrivar i utviklingsarbeidet. Utdanningsdirektøren er i tvil om kommunen i dag har ein organisasjon som ivaretek samordnings- og pådrivingsfunksjonar i tilstrekkeleg grad. Utdanningsdirektøren rår derfor til at kommunen vurderer dette nærare.

UTVIKLINGSOMRÅDE FOR KOMMUNEN

Planarbeid

Utdanningsdirektøren peika ved førre besøk på at kommunen ikkje hadde eigne planar for spesialundervisning og vaksenopplæring. Kommunen har ennå ikkje laga planar for desse områda. Rektor ved Årdal skule og barnehage framheva at sjølv om det ikkje er utarbeidd slike planar, vil enkeltpersonar få relevante og gode opplæringstilbod på grunn av godt kjennskap til den einskilde i kommunen. Etter utdanningsdirektøren si vurdering vil slike planar vere viktige for den enkelte sine rettar særleg i ei tid med nedskjering av ressursar til spesialundervisninga. Slike planar kan med fordel innarbeidast i anna planverk. Ein kan t.d. sjå vaksenopplæring i samanheng med næringsutvikling i kommunen, jf. kompetansereforma. Utdanningsdirektøren minner om at kommunane er lovpålagde å ha ein plan for vaksenopplæring.

Hjelmeland kommune har framleis utfordringar knytte til innføringa av L97, særleg når det gjeld læremiddel. Utdanningsdirektøren vonar at IKT-relaterte læremiddel vil kunne bli utvikla gjennom deltakinga i PEDIT-prosjektet.

AVSLUTTANDE KOMMENTARAR

Utdanningskontoret fekk ved besøket informasjon om skolesituasjonen i kommunen av ordførar Terje Tornquist og assisterande rådmann Jon Oppedal. Denne informasjonen kunne ha vore meir utfyllande m.o.t. heilskapsbiletet av skolesituasjonen i kommunen dersom pedagogisk konsulent Jarle Sylta hadde hatt høve til å vere med under besøket.

Statens utdanningskontor takkar Hjelmeland kommune og Årdal skule og barnehage for eit verdfullt og vel tilrettelagt besøk. Utdanningskontoret takkar spesielt 9. klasse for den velsmakande middagen vi fekk servert. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet med utviklinga i skolen.

Stavanger 26.01.01

Sigmund Sunnanå
utdanningsdirektør

Gerd Kj Mortensen